



Steinar Nævdal
Burkhovdane 24
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8929 - 21/75429

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
11.11.2021

Avvist søknad om riving av garasje og oppføring av ny garasje - gbnr 35/10 Nævdal

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr:

Steinar Nævdal

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om riving av eksisterande garasje og oppføring av ny garasje avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 20.10.2021.

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande garasje og oppføring av ny garasje.

Planstatus

Eigedomen ligg innafor det som i kommuneplan for tidlegare Lindås er sett av til LNF-føremål. Denne eigedomen er kun bebygga med ei garasje og er difor ikkje gitt status LNF-spreidd bustad. Det vil difor vere naudsynt å søkje dispensasjon i frå dette formålet.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det er naudsynt å supplere søknad med søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet. Denne søknaden må vere grunngjeve og nabovarsla.

2. Tiltaket må førast inn på eit situasjonskart. Det må førast på garasjen sine ytre mål, minsteavstand til nabogrense og minsteavstand til midtveg.
3. På innsendte teikningar er det ikkje ført på mønehøgde. Ved ei eventuell ny søknad må dette også gå fram av teikningane.
4. Det går ikkje fram kor stor eksisterande garasje er.
5. På eigedommen ligg det i dag kun ei garasje. Det kan difor ikkje søkast utan ansvarsrett. Ved ei eventuell ny søknad må denne sendast inn av eit ansvarleg føretak som står som ansvarleg søkjar. Ytterlegare ansvarsrettar må også sendast inn av dette føretaket.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Steinar Nævdal

Burkhovdane 24

5914

ISDALSTØ